

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 77/2013**

2013/EØS/61/27

av 3. mai 2013

**om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**  
**og vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 av 12. juli 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av elektriske lampar og lysarmaturar<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) nr. 874/2012 opphevar med verknad frå 1. september 2013 kommisjonsdirektiv 98/11/EF<sup>(2)</sup>, som er teke inn i EØS-avtala og følgjeleg skal opphevast i EØS-avtala med verknad frå 1. september 2013.
- 3) Rådsdirektiv 78/170/EØF<sup>(3)</sup> er oppheva ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/32/EF<sup>(4)</sup>, som båe er tekne inn i EØS-avtala, og tilvisinga til direktiv 78/170/EØF bør følgjeleg opphevast i EØS-avtala.
- 4) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I kapittel IV skal teksta i nr. 4e (kommisjonsdirektiv 98/11/EF) med verknad frå 1. september 2013 lyde:  
"32012 R 0874: Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 av 12. juli 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av elektriske lampar og lysarmaturar (EUT L 258 av 26.9.2012, s. 1)."
2. I kapittel V skal teksta i nr. 1 (kommisjonsdirektiv 78/170/EØF) opphevast.

*Artikkel 2*

I vedlegg IV til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 4 (rådsdirektiv 78/170/EØF) opphevast.
2. Teksta i nr. 11e (kommisjonsdirektiv 98/11/EF) skal med verknad frå 1. september 2013 lyde:  
"32012 R 0874: Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 av 12. juli 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av elektriske lampar og lysarmaturar (EUT L 258 av 26.9.2012, s. 1).<sup>(1)</sup>"

<sup>(1)</sup> Oppført her bare for informasjonsformål – for anvendelsen, se vedlegg II om tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering."

*Artikkel 3*

Teksta til forordning (EU) nr. 874/2012 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

<sup>(1)</sup> TEU L 258 av 26.9.2012, s. 1.  
<sup>(2)</sup> TEF L 71 av 10.3.1998, s. 1.  
<sup>(3)</sup> TEF L 52 av 23.2.1978, s. 32.  
<sup>(4)</sup> TEU L 191 av 22.7.2005, s. 29.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. mai 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>, eller den dagen avgjerd i EØS-komiteen nr. 217/2012 av 7. desember 2012<sup>(5)</sup> tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

*Artikkel 5*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 3. mai 2013.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

(5) TEU L 81 av 21.3.2013, s. 17, og EØS-tillegget til TEU nr. 18 av 21.3.2013, s. 19.